Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
25.10.2023	2023/15680
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møteprotokoll 24. oktober 2023 Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Stad: Fretheim hotell, Flåm
Dato: 24. oktober 2023

Frammøtte frå nemnda: Runar Tufto, Olav J. Bøtun, Per-Are Halstensgard, Terje Terum, Morten Samskott, Ragnhild Kvernberg, Gunhild Damstuen, Ola Dusegard Kristensen (vara Ål), Håvard Engeseth (vara Modalen)

Forfall: Petter Sortland, Caroline Myster.

Sekretariat:
Hermund Mjelstad – Statsforvaltaren

Andre:
Knut Arne Gurigard – Koordinator reetablering, innlegg sak 14/23.
Espen Fjeldstad – seniorrådgjevar Klima- og miljødepartementet, innlegg Teams sak 15/23
Petter Braaten – seniorrådgjevar Statens naturoppsyn, innlegg Teams sak 16/23
Trond Erik Buttingsrud – Nasjonalparkforvaltar Hallingskarvet, innlegg sak 17/23

Harald Skjerdal – sekretær Nordfjella villreinutval
Håkon Øydvin – sekretær Raudafjell villreinutval
Kjetil Skjervheim – representant Fjellheimen villreinutval
Sigurd Vikesland – leiar Nordfjella villreinutval

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Villreinnemnda leiar: Runar Tufto, 3576 Hol, Tlf. 90177702, E-post: rtufto@gmail.com
Sakshandsamar: Hermund Mjelstad, Tlf. 57643124, fmsfhm@statsforvalteren.no

Sakliste

11/23 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Vedtak: Godkjent.

12/23 **Val av møteleiar**
Vedtak: Leiar Runar Tufto vald som møteleiar.

13/23 **Økonomirapport 2023**
Vedtak: Nemnda tek økonomirapporten til etterretning.

14/23 **Reetableringsprosjektet, v/Knut Arne Gurigard.**
Arbeidet held fram, og det er ein stor fordel at alle lokale og regionale aktørar er samde om målet, som er oppstart av reetableringa i 2024, dersom det framleis ikkje vert funne nye positive CWD-prøver. 25. august vart det gjennomført møte mellom ordførarkollegiet i Nordfjella, villreinnemnd og villreinutval, Nordfjellarådet, Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Departementa stilte med statssekretærar og administrativt personell. Møtet vart organisert av koordinatoren for reetableringa (Gurigard). Vår felles oppmoding til styresmaktene er at Nordfjella sone 1 skal reetablerast med villrein frå Nordfjella sone 2. Reetablering av sone 1 må starte i 2024. Det er og viktig no å få på plass ein reetableringsgruppe som kan planlegge for 2024 og framover.

15/23 **Status for arbeidet med ny Stortingsmelding for villrein v/Klima- og miljødepartementet (Teams, v/Espen Fjeldstad).**
Fjeldstad orienterte om arbeidet med stortingsmeldinga som held på no. Status er at departementet er i ein skrivefase, der dei m.a. går gjennom alle innspela som er kome inn gjennom innspelsmøta. Bakgrunnen for meldinga er at villreinen er raudlista, kvalitetsnormen viste at ingen av dei 10 nasjonale villreinområda vart vurdert til god tilstand (grøn) , og seks av dei vart raude med dårleg kvalitet, m.a. Nordfjella. Og det er semje om at utviklinga for villreinen i Noreg over lang tid har gått i feil retning. Samstundes som det blir arbeidd med stortingsmeldinga, har det vore eit stort arbeid med tiltaksplanar for villreinområda med dårleg kvalitet etter kvalitetsnorma. Tiltaksplanane skal leverast frå Statsforvaltarene til Miljødirektoratet innan 1. desember, og direktoratet skal sende planane vidare etter ei fagleg gjennomgang til Klima- og miljødepartementet 15. desember. Stortingsmeldinga for villrein vil truleg bli endeleg vedteke i 2025.

16/23 **Status for GPS-merking av villrein i Nordfjella/Raudafjell v/Statens naturoppsyn (Teams, v/Petter Braaten).**
Braaten gjekk gjennom instruks for merking, tal for kor mange dyr som er merka, tap av merka dyr m.m. Det er Miljødirektoratet ved viltseksjonen som vedtek tal dyr som skal/bør merkast, I 2023 vart det merka tre bukkar og ei simle i Nordfjella. I Raudafjell vart det ikkje prøvd merking grunna svært vanskeleg terreng. I Nordfjella og Raudafjell er det pr. i dag fem fungerande GPS-sendarar, tre i Raudafjell og to i Nordfjella sone 2. Generelt er tap av dyr som kan knytast til sjølve merkinga lågt. Statens naturoppsyn meiner det er fornuftig at merkinga held fram på om lag same nivå som no.

17/23 **Forvaltninga av Hallingskarvet nasjonalpark v/Trond Erik Buttingsrud.**
Nasjonalparkforvaltninga prøver å legge til rette for at mest mogleg aktivitet knytt til turisme og reiseliv og ferdsel held seg rundt eksisterande infrastruktur. Det er elles lite ferdsel i nasjonalparken, men nokre punkt som t.d. Prestholt og Prestholtstien er ekstra populære. Det blir gjeve ein del dispensasjonar for motorferdsel, transport til hyttar, utkøyring av saltstein, Skarverennet m.m. for å nemne nokre. Nasjonalparkstyret legg opp til å styre løyva til motorferdsle/skuterløyve til april, som i hovudsak er tida etter villreinen har trekt vestover mot kalvingsplassane. Har godt samarbeid med

Statens naturoppsyn. Forvaltninga skal vurdere om besøksstrategien (og forvaltningsplanen) bør reviderast.

18/23 **Fellingsresultat og status for Nordfjella villreinområde.**
Sekretær Harald Skjerdal orienterte om fellingsresultatet i Nordfjella. Til saman vart det felt 44 dyr. Av desse var det 38 bukk, pluss to ungdyr og to simlar som det vart teke CWD prøve av. (I dette prøvematerialet er det inkludert to bukk frå Raudafjell). Veterinærinstituttet har rekna på dette og finn no at det er om lag 97 % sannsyn for at det er færre enn 4 smitta dyr i Nordfjella/Raudafjell. Under kalveteljinga i juni vart det talt 237 dyr, av dette 65 kalv. Utvalet reknar likevel med at det totalt er om lag 400 dyr i Nordfjella sone 2.

19/23 **Status for Fjellheimen villreinområde.**
Representant for Fjellheimen, Kjetil Skjervheim orienterte. Det var ikkje jakt i 2023, jf. bestandsplanen. I kalveteljinga er det talt om lag 100 kalv totalt, som er normalt. Bestanden veks truleg noko, men det er framleis ikkje grunnlag for å opne for jakt til neste år. Det er usikre årsaker til kvifor ikkje bestanden veks meir enn den gjer.

20/23 **Fellingsresultat og status for Raudafjell villreinområde.**
Sekretær Håkon Øydvin orienterte. Teljingar frå området viser 71 dyr totalt. Nokre dyr manglar som kan vere trekt ut av området, eller dei kan ha vore tekne av m.a. ras. Dyra oppheld seg i store deler av året i svært bratt og utilgjengeleg terreng. Utfordrande med jakt, og resultatet i år var to bukkar felte.

21/23 **Orienteringssaker**
Liste sendt ut for nokre av sakene som nemnda har hatt til behandling, i hovudsak etter vårmøtet:

1. Klagebehandlinga av Kjelhovda utbygginga i Hemsedal
2. Søknad om dispensasjon for veg til Eitrestølen, Ål kommune
3. Søknad om oppsetting av basestasjonar for bjøllesystem for sau, Fjellheimen vro.
4. Søknad om motorferdsle på Rallarvegen- Bane Nor, reperasjon/vedlikehald av veg.
5. Villreinrådet – fagdagane. 31. mai/1.juni. Beitostølen.
6. Opprusting av kraftline Refsdal – Modalen, motorferdsel. Fjellheimen vro.
7. Veg til Nesdalen til Areberg, Lærdal kommune, Nordfjella vro.
8. Ygnisdalen -Vikafjell, Statkraft. Nytt bekkeinntak. Fjellheimen vro.
9. Halvorstølen v/Strandavatnet, søknad om ny veg og riving/nybygging av hytte.
10. Skredsikring av hytte Ål kommune v/Rødungstølen.
11. Omfattande arbeid frå nemnda i samband med innspel til arbeidet med Stortingsmeldinga.
12. Omfattande arbeide frå nemnda i reetableringsprosessen.
13. Revidering av arealdelen til kommuneplanen for Ål, frist 20.11.23.

22/23 **Eventuelt**
Terje Terum, Aurland, foreslo at sekretariatet lagde ein oversikt over større, viktige saker som nemnda har hatt til behandling dei siste åra. Sekretariat og leiar har laga ein slik liste, men det må presiserast at den ikkje er uttømmande. Den viser likevel at nemnda har arbeidd med mange store saker dei siste åra:

1. CWD saka
2. Kvalitetsnormen
3. Reetableringsprosjektet

4. Stortingsmeldinga om villrein
5. GPS-merking
6. Kjelhovda saken
7. Tiltaksplan
8. Større revisjonssaker, eksempel Lærdalsvassdraget (krav), Arnafjorden-Vikvassdraget, Uste-Hallingsdalsvassdraget, Holsvassdraget, Evangerutbygginga, Eksingedalsvassdraget, Hemsila.
9. Kraftutbygging/regulering
10. Kommuneplanar, arealen m.m. Gjeld fleire kommunar.

23/23 **Tilleggssak**
Etter forslag frå leiar: Avtale møte med kvar kommune og informere om villreinnemnda sitt ansvar og arbeid med villreinforvaltninga. Viktig at informasjonen kjem tidleg i ny valperiode. Vi bør bruke eksterne krefter til eit slikt presentasjonsopplegg, og det er viktig at villreinnemnda sitt medlem i kommunen deltek.

24/23 **Tilleggssak**
Etter forslag frå leiar: Sekretær bidreg til at arbeidet med framdriftsplan for reetablering er samkøyrd mellom villreinnemnd, villreinutval og reetableringskoordinator. Første prioritet må vere å få på plass ein reetableringsgruppe.

Møteteknisk:
6 timer møte , 2 timer førebuing.
Satsane er for leiar: 685,-
for medlem: 518,-
for førebuing: 518,-

Med helsing

Runar Tufto
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Adresseliste